



- eit fyrtårn i vest

Eitt år med ny kommune

Informasjon frå Øygarden kommune



Foto: Jorann Ingvaldsen



Grunn til å vera optimistisk

Ordføraren og kommunedirektøren gler seg over at vaksinasjonen mot koronaviruset er i gang. Trass i krevjande tider med koronasmitte, er det grunn til å vera optimistiske med tanke på framtida.



Korleis skal vi utvikla Øygarden kommune?

Som innbyggjar vil du få fleire moglegheiter til å koma med innspel, anten gjennom samtalar, spørreskjema eller ulike arrangement.

Sotrasambandet:

Sotrasambandet vert eitt av dei største anleggsprosjekta i Noreg, og det skal skje mykje dei neste månadene.



Kultur- og idrettsgalla

Kultur- og idrettsgallaen i februar vert ein hyllest til det frivillige arbeidet. Det vert show med prisutdelingar til kultur- og idrettspersonlegdomar, lag og foreiningar.

Kultur- & idrettsgalla





Foto: Tom Georg Indrevik og Rune Lid



Grunn til å vera optimistisk

Vi har lagt bak oss det første året med den nye kommunen. Det starta med ei storstilt opningsfestveke i januar. To månader seinare ramma koronaviruset oss. 2020 har vore eit krevjande år, men vi er imponerte og stolte over korleis innbyggjarane og dei tilsette i kommunen har takla den utfordrande situasjonen.

Øygarden kan gle seg over at store prosjekt er i gang og er i ferd med å starta opp. Arbeidet med Sotrasambandet er allereie i gang, men sjølv bru- og vegprosjektet vil venteleg starta opp i løpet av året. Stortinget vedtok like før jul at prosjektet Langskip (Northern Lights) med karbonfangst og lagring av CO₂ skal realiserast, og det er gjort viktige formelle vedtak som sikrar flytting av godshamna til Ågotnes. Dette er viktige prosjekt som gjev grunnlag for utvikling og gode tenester for innbyggjarane.

Vi gler oss over at vaksinasjonen mot koronaviruset er i gang. Trass i krevjande tider med koronasmitte, kan vi vera optimistiske med tanke på framtida.

Ordførar Tom Georg Indrevik og kommunedirektør Rune Lid



Illustrasjonar av ny firefelts Sotrabru og kryss på Kolltveit: Bæzeni



Sotrasambandet: Snart byggjestart

2021 er eit spennande år. Mot slutten av året er planen å setja spaden i jorda. Dermed er bygginga i gang!

Sotrasambandet vert eitt av dei største anleggsprosjekta i Noreg, og det skal skje mykje dei neste månadane. Om nokre veker, i starten av februar, startar forhandlingar med OPS-leverandørane om deira tilbud på kontrakten. Målet er å velja OPS-leverandør til sommaren, og signera kontrakten til hausten.

Det skal byggjast ny firefelts veg med eigne felt for kollektivtrafikk og samanhengande tilbod for gåande og syklande mellom Sotra og Bergen. Det er planlagt nye kollektivterminalar ved Storavatnet og på Straume. Prosjektet vil gje betre framkomst, auka trafikktryggleik og samfunnstryggleik. Det vert også betre bumiljø langs dagens veg.

Det nye vegsystemet skal gje god trafikkflyt mellom Øygarden og Bergen og redusera reisetida i rushtida med opptil 20 minutt.




Foto: Pål Bentdal

Ny godshamn på Ågotnes


Den nye godshamna for bergensregionen skal etter planen byggjast på CCB-basen (Ågotnes Næringspark). Den nye hamna skal bli ei topp moderne og framtidretta hamn som vert knutepunkt for godstrafikk i heile regionen. I kombinasjon med ny godshamn på Ågotnes er det også planlagt ein næringspark for hamnerelatert verksemd.

Hamna skal byggjast på det området som i dag heiter Hamretomta og Bleivashaugane. Dette området utgjer omlag 370 dekar. Den nye godshamna på Ågotnes skal vera ferdig utbygd og klar til bruk når riksveg 555 Sotrasambandet er klar til bruk.



Ny bok om Fjell og bygdebøker for Sund og Fjell

Til sals hjå bokhandlarar og innbyggjartorga!



Utdrag frå budsjettet 2021

Den 17. desember vedtok kommunestyret budsjettet for 2021 og økonomiplanen for 2021-2024. Her er nokre utdrag frå budsjettet.

- Driftsbudsjettet har ei brutto ramme på 2,85 milliardar kroner.
- Satsane for gebyr og brukarbetalingar vert auka med 2,7 prosent for 2021. Gebyr til feiing vert den same som i 2020.
- Det er sett av 1,5 millionar kroner til kjøp av eksterne tilbod til skulane, til dømes TAM (Trygghet, ansvar, mestring), Sotra Villmarkssenter og Dale Oen Experience.
- Kommunestyret ber om ei sak som vurderer nedlegging av Blomvåg skule. Prosessen må ta høgde for høyring, medverknad og justering av kringsgrenser slik at elevane kan flyttast til Tjeldstø og Rong skule.
- Det skal også vurderast å justera kringsgrensene i lys av skulestrukturen i den nordre delen av den nye kommunen.
- Kommunestyret sluttar seg til prinsippet om å ta i bruk sluttpakkar og oppseiingar som tiltak for å oppnå ein berekraftig økonomi i tråd med omtale i budsjettokumentet. Før iverksetjing skal vilkåra godkjennast av administrasjonsutvalet.
- Det er mål om å ta i bruk 14 plassar i paviljongen på Fjell sjukeheim i 2022 og 10 plassar Øygarden lokalmedisinske senter i 2023.
- I økonomiplanperioden er det budsjettert med eit netto driftsresultat på 1,75 prosent (50 mill. kroner) i 2022. Dette føreset at tal årsverk må reduserast med om lag 40 årsverk i 2021 og 70 årsverk i 2022.

Det skal investerast for 200 millionar kroner i 2021. Dei største investeringspostane er kjøp av bygg (Trigger), Grønapplassen (Straume), Arseta vatn og avlaup (Rongøy), ombygging/rehabilitering bygg, ombygging Liljevattet barnehage/kulturskule, kulvert/busstopp Idrettsvegen, Spildepollen barnehage, infrastruktur Blomvåg og teknisk servicebygg (områdeutvikling sør).

Korleis skal vi utvikla Øygarden kommune?

Som ny kommune har vi behov for å arbeida med korleis vi skal utvikla oss i eit langsiktig perspektiv. Dette arbeidet skjer gjennom å utarbeida samfunnsdelen til kommuneplanen. Samfunnsdelen er det viktigaste verktøyet for å styra kommunen vår, og vil difor prega året 2021.

Saman med innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar skal vi løfta fram felles utfordringar og moglegheiter i Øygarden kommune, og peika ut den langsiktige retninga.

Som innbyggjar vil du få fleire moglegheiter til å koma med innspel, anten gjennom samtalar, spørjeskjema eller ulike arrangement. Følg med på heimesida til kommunen for meir informasjon.



Northern Lights-prosjektet er på plass i Energiparken

Northern Lights-prosjektet er ein del av det norske karbonfangst og lagringsprosjektet (CCS) Langskip, som er støtta av norske styresmakter. Prosjektet vil i utgangspunktet omfatta fangst av CO₂ frå norske industrielle fangstkjelder. Prosjektet omfattar transport, mottak og permanent lagring av CO₂ i eit reservoar i den nordre delen av Nordsjøen. For at verda skal nå målet vi har forplikta oss til i Parisklimaavtalen, må vi kunna fanga, transportera og lagra CO₂ i stort omfang.

I år vil prosjektet starta planering av byggjetomt og setja opp eit anleggskontor med møterom. Detaljprosjektering av kai, bygningar grøfter og fundament har starta. Prosjektet vil også starta detaljprosjektering, innkjøp og fabrikkasjon av sjølve mottaks- og lageranlegget for CO₂. I byggjefasen reknar vi med at det vil vera over 250 arbeidrarar i aktivitet for bygging og ferdigstilling av det nye CCS-anlegget i Øygarden. Planen er at Northern Lights skal vera klar til mottak og lagring av CO₂ andre halvdel av 2024.

Kulturaktivitetar

Kultur- og idrettsgalla 20. februar kl. 18.00, Straume kulturhus

Gallaen er ein hyllest til det frivillige arbeidet. Det vert show med prisutdelingar til kultur- og idrettspersonlegdomar, lag og foreiningar. I tillegg vert det underhaldning av eit breitt spekter av lokale utøvarar som vil visa Øygarden frå si beste side. Vi håpar at flest mogleg nyttar høvet til å nyta showet og samstundes vera med å hylla dei nominerte. På nettsida til kommunen under kommunale prisar finn du meir informasjon om korleis du kan nominera kandidatar.

Idretts- og kulturforum 17. mars kl. 18.00

Kultureininga inviterer til idretts- og kulturforum på Straume kulturhus for å gå gjennom tilskotsordningane, tilskotsportalen og spelemiddelordningane. Lag og organisasjonar vert oppmoda om å koma med tilbakemelding på korleis ordningane fungerer. Det vert gjeve rettleiing på søkje prosess og rapportering.

Smittesituasjonen avgjer om arrangementa må gjennomførast digitalt. Arrangementa vert oppretta på heimesida til kommunen og Facebook. Der finn du system for påmelding.

Aktivitet er godt for kropp og sjel

I periodar har det det siste året vore avgrensingar i bruk av hallar og anlegg i kommunen. Då kan det vera eit godt alternativ å ta turen ut i det fri. I Øygarden er fleire av turløypene universelt utforma.



No er vaksinasjonen i gang

Den 6. januar fekk den første innbyggjaren i Øygarden vaksinedose mot koronaviruset. Det er bebuarar på sjukeheimar, dei som bur heime og får heimesjukepleie og bebuarar i omsorgsbustader som er prioriterte i starten av vaksinasjonen. Vaksinasjon i større omfang vert så gjennomført i Sotra Arena. Ved auka omfang av vaksinasjon, vil ein også nytta Spildehallen og Hjeltefjorden Arena.

Øygarden kommune følgjer prioriteringane som er fastsette av dei nasjonale styresmaktene. Vaksinedosane vert leverte til Øygarden kommune puljevis, og via nettsider og anna varsling vil vi gje informasjon om kva tid dei ulike gruppene får tilbod om vaksinasjon. Du finn informasjon om vaksine på nettsida til kommunen.

Innbyggjartorg og bibliotek

I Øygarden kommune finn du kommunale servicetenester i dei nye innbyggjartorga som er samlokaliserte med biblioteka på Sund Senter, Rong Senter og Sartor Storsenter.

Etter ein del ombygging står dei tre innbyggjartorga fram nyoppussa, med friske fargar og utstyrt til å ta i mot innbyggjarane. Kjernetilboda på innbyggjartorga er informasjon om kommunen og tenestene i kommunen og hjelp til å søkja om kommunale tenester. På biblioteket kan du mellom anna låna e-bøker og e-lydbøker via appen BookBites.

Innbyggjartorga og biblioteka skal vera ein arena for innbyggjarinvolvering. Døme på dette er temakveldar, debatt og innspel knytt til samfunnsdelen til kommuneplanen og informasjon om Sotrasambandet.

Innbyggjartorga og biblioteka vil også vera ein møteplass der du kan treffa dei sentrale politikarane i kommunen.

Informasjon på denne brosjyre kan verta endra. Du finn oppdatert informasjon på heimesida til kommunen.

**Copyright - Øygarden kommune
januar 2021**

Trykk: Bodoni | Opplag: 14.100

Redigering: Vagleik Brekke

Grafisk utforming: Monica Hovland